

**Uskedeling veteran på superrask patruljebåt**

18.04.2013

**Politibetjent Frode Myklebust frå Uskedalen er ein av 14 som er sjekka ut for teneste denne sommaren ombord i politiets nye, superraske patruljebåt. Han er ein desidert veteran i denne samanhengen ettersom han har køyrt desse båtane i 17 år.**

**Politiførstebetjent Eirik Thue, som er leiar for sjøtenesten i Hordaland Politidistrikt, opplyser til VG nett at den nye båten har to motorar, kvar på 380 hestekrefter. Maksimalfarten ynskjer han ikkje å avsløra, men marsjfarten er 45-50 knop.**

Båten er utvikla av Goldfish i Son i Oslofjorden og Myklebust var med då den vart henta. Køyretid frå Son til Bergen var då 10 timar.

Dette betyr at båten frå basen i Bergen kan nå Haugesund på 70 minuttar, munningen av Sognefjorden på 60 minuttar og Florø på 120 minuttar.

Tenesten er allereie igang og båten har ikkje minst ei preventiv oppgåve, Soleis er det ein målsetting at den skal vera til stades og synleg ved alle festivalar utover sommaren.

Tidlegare har politiet leigd båtar i einskilde periodar, men denne eig etaten. Den er 36 fot lang.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Ola Matti Mathisen og VG Nett